Havlandet

HANS TORGNY INDREBØ



Sjøen og sjølivet har alltid interessert meg. Ein kan gjerne spørja kvifor eg har denne interessa. Det kjem seg for det første av at eg er fødd og oppvaksen på ein sjøgard på Bø i Randaberg. Der sto det fire naust på eigedomen heime første barneåra mine. Det hadde vore eit par naust til, men dei hadde tida og manglande vedlikehald teke knekken på.

Gamle naust på Nord-Varhaug. *Foto: Olav M. Bråtveit. Jærmuseet.*

Sverre Varhaug ved naustet sitt på Husvegg.

Foto: Forfattaren.

Ein viktig grunn for meg til å skriva om stranda, var ei stor tarebru ved sjøen heime. Eg ville gjerne finna ut kven som hadde rett til å henta tare av bruka på garden og korleis tarebrua vart delt. Det var nemleg ikkje snakk om å koma først til når taren kom opp, for han vart delt nøye ut med alenmål. Den siste som mælte opp var far sin morbror, Johannes Andreasson Bø, har Sten Bø fortalt meg.

Egil T. Nærland ba meg prata med Sverre Varhaug på Husvegg i Hå. Sverre Varhaug hadde kunnskapar om sjøen, fiske og stranda, som var vel verde å ta vare på. Eg tok kontakt med Sverre Varhaug. Me prata meir eller mindre to-tre timar i veka i meir enn to år, heilt til han døydde i 2007. Det som er skrive her, har han lese gjennom. I tillegg har historikaren Lars Gaute Jøssang vore ein framifrå rådgjevar, og han har oppmuntra meg i arbeidet.

Eg skuldar å takka mange for opplysningar under vegs i arbeidet, og ikkje minst for hjelp og rettleiing av Ingeborg Nærland Skjærpe og Målfrid Snørteland.

Tidshorisont

Teksten vidare vil i hovudsak vera avgrensa til tidsromet frå 1850 til 1950 og gjelda landet og sjøen utanfor Hå. Eg vil ha fridom til å ta snarturar utanom Hå. Der det høver slik, vil eg og trekkja linjene både bakover og framover i tid, for å setja historia inn i ein større heilskap.

Det er to store revolusjonar som har gått føre seg

innan fiskaryrket. Den eine var overgangen frå segl til motor rett etter århundreskiftet 1900, og den andre var innføringa av kraftblokka på snurpefartya og konsekvensane det førde med seg på 1950- og 1960-talet.

På landsida har det gått føre seg liknande revolusjonar som kom til å venda interessene til bøndene frå sjøen mot ei sikrare og tryggare inntekt av jorda. Først kom det store hamskiftet frå midten av 1800-talet – ein langsam prosess, og kanskje like omfattande og revolusjonerande var mekaniseringa og motoriseringa av landbruket som gjekk parallelt kring 1960 med m.a. omlegging av grasberginga.

Naust på Viste i Randaberg, 1936.

**Fotosamlinga, Randaberg Kommune.*

Havlandet

Korleis har diktarane sett på Jæren – landskapet og havet som omkransar det?

Jæren er havlandet. Landet med det skiftande lyset. Landet der lyset får fløyma fritt ned frå ein vid himmelkvelv. Jæren er det lyse fastlandet. La auga sjå utover landet:

> Når dagen sig som eld og blod i blåe myr,
> Det logar opp med glim og glo og eventyr.

Slik såg Arne Garborg landet og havet frå sin ståstad anten det var frå Garborgåsen eller Knudaheio.

Det er det låge landet der folk har budd og bur heilt i strandkanten. Det var vekselbruket mellom hav og jord som ga livsgrunnlaget.

Det er spanande med havet, mest fascinerande er det å sjå det opprørt i kuling og storm. Det er slike dagar dei som er fødde ved sjøen, søkjer ned til stranda. Det er kanskje ikkje mogleg for ein person frå inste fjordarmane og innlandsbygdene å dikta slik det er nedfelt i verselinjene til Ivar Aasen frå "Nordmannen":

> Han såg ut på det bårete havet; der var ruskut
> å leggja utpå;
> men det leikade fisk nedi kavet, og den leiken,
> den ville han sjå.

Det er eventyraren på leit etter spaning og utfordringar i opprørt hav og vona om å finna både fiske-

felta og fisken – jakta på det daglege brødet me møter.

Me likar å lesa om landet med den karrige naturen, lyngheiane, steingjerda og små låge hus der folk piner korn utav auren og trøystar seg til Gud. Me vil vel alle stå fram som dei ivrige, trufaste, jordvende arbeidstrælane. Mange seier at dette har me høyrt og lese. Me kan det! Det kan vera verdt å lytta til og lesa om korleis Arne Garborg skildrar havet og stranda:

> "Det er sjølve have. Nordhave breidt og fritt, ukløyvt og utøymt, endelaust. Svartgrønt og salt kjem det i veldig rulling veltande inn or dei vestlege himlar, drive av storstormane frå nordisen og Kanalen, køyrande sine fakskvite brimhestar fram or havskodda, so skumskavlen stend, durande sin djupe ævheims orgtone frå dei ytste avgrunnar. So støyper det seg mot stranda og krasar seg sund i kvit foss, med dunk og dyn og lange brak, døyande burt i døyvt dunder."

Det er nesten som ein kjenner vinden riva i seg og saltroket driva i fjeset.

Det er det same havet Alexander L Kielland skriv om i Garman og Worse:

> "Intet er så rommelig som havet, intet så tolmodig. På sin brede rygg bærer det lik en godslig elefant de små puslinger som bebor jorden; og i sitt kjølige dyp eier det plass for all verdens jammer. Det er ikke sant at havet er troløst; for det har aldri lovet noe: uten krav, uten forpliktelse, fritt, rent og uforfalsket banker det store hjerte – det siste sunne i den syke verden."

Stranda er framleis ein spennande leikeplass. Her er glade ungar frå ferieklubb på Grødaland ivrig opptekne med å utforska stranda.

Foto: Hans Arvid Grødeland. Jærmuseet.

Havet – sjøen – har sett fantasien i gang hjå meir enn ein som har sett seg på ein stein ute i sjøen. Brått var det som om steinen flytta på seg. Du var på reise ut i den store verda til eksotiske land og spanande hamner. Framande lukter reiv i nasen og ukjende tungemål surra i øyro og menneske med ein annan let enn det du var van med dulta borti deg. Men draumereisa tok snart slutt.

Jærkysten

Strandkanten har vore leikeplassen for mange gutar og jenter. All slags kuong – sneglehus – tente

som kyr, høner, sauer og griser. Sølvhanane var dei gjevaste. Dei var det perlemor i og så skein dei i alle slags leter. Aldri var det med hestar i leiken, det kan eg ikkje gje grunnar for. Men bilar var det i strandkanten, anten dei var heimesnekra med ein kloss som motorhus frampå ein fjølende, eller det var ei oskeskuffe som det var festa ein hampatråd i. Oskeskuffa kom frå den kasserte vedkomfyren på kjøkken. Han måtte vika for den elektriske komfyren.

Sommarsdag budde borna på sjøgardane i strandkanten. Det var rart den dagen den gamle naboen – han Ingebret – spurte: Har du vore a'stad og lau'a deg? Det visste han vel. Me levde i og ved sjøen.

Å fiska krabbe har vore ein sport for barn. Det var å slå av eit albogeskjell og ta ut muskelen og tre han på ein ståltråd. Det tok ikkje lange tida før det kom ein grøn krabbe og beit seg fast. Sporten var å fiska og sjå om det vart fleire i dag enn i går. Då dagen var til ende og kroppen var trøytt, vart heile fangsten tømd i sjøen att. For folk ved sjøen er det dei små grøne som heiter krabbe, og dei er det ikkje mat i. Dei raude, store heiter skryter – høvring har eg og høyrt – langs heile Jæren. Klørne av dei vart brukte, resten gjekk i hevdaløa eller vart klakka sundt og hivne til hønene, og så vart nokre få brukte til agn.

Me veit godt kor mild sjøen kan syna seg. Havflata er kvit og blank som eit fat mjølk. Motsetnaden er dei ville naturkreftene. Når stormen brølte og storhavet song sin "djupe ævheims orgtone", var det grunn til å ottast. Gjekk ein for nær dei frådande ollene, var det krefter som ikkje var til å spøkja med. Sjøen har nappa med seg mang ein som kom han for nær. Jærstrendene har vorte siste staden for mang ei skute som gjekk på land, mange – mange fleire menneske har bøtt med livet i brotsjøane.

Under havflata, anten det har vore havblikk eller storm, har sjøen hatt sitt eige, pulserande liv med havstraumar som har gitt oss ved kysten dette milde vinterklimaet.

Jærkysten strekkjer seg frå Tunge i Randaberg i nord til Holmane lengst sør i Hå. Vilkåra for å driva med fiske ut frå dei ulike strekningane har vore ulike. Randaberg, Sola og gamle Ogna har hatt naturlege hamner der ein kunne ta inn større båtar. Der var det større miljø for fiske og fiskeforedling.

Klepp og strekningane sør til Sirevåg ga ikkje ly for større farty. Det var færingen som kunne brukast. Sjøen var for uroleg til at ein kunne la båten verta liggjande i ei stø. Han måtte trekkjast på land kvar dag. Større farty vart det først i Hå då Obrestad hamn vart utbygd i 1878.

Fisket var viktigare for jærbuen før. På 1800-talet vart det fiska sild langs heile kysten fram til 1872, då vart silda borte. Ho kom att på 1900-talet og vart til glede fram til 1950-talet. Jærbonden si hausting frå sjøen er så godt som redusert til nesten ingenting i våre dagar – når me held Sirevåg utanom.

Sesongfisket på Bø i Randaberg var etter 2. verdskrigen framfor alt hummarfisket, men nokre få av bøndene rusta seg ut til drivgarnsfiske etter sild. Det

Naust og sjøveg var viktig for gardane langs Jærkysten. Frå Hå. *Foto: Olav M. Bråtveit. Jærmuseet.*

vart drive litt dagfiske, men for dei aller fleste vart det meir sporadisk at det vart rodd ut etter ei koka.

Gardane på Bø var etter måten små, slik at brukarane måtte sjå seg om etter anna innkome enn det bruket kunne gje. Alternativet til hummar- og sildefisket vart å ta seg fast løna arbeid eller sesongarbeid av eit eller anna slag. Det var ikkje så vanskeleg med kort avstand til Stavanger.

Bondesønene sin kontakt med sjøen i våre dagar er ei plattform, som mannskap på eit hjelpefarty – supplybåt – eller på land engasjert i ei landbasert verksemd. Kontakten med sjøen er såleis ikkje heilt broten. Oljeindustrien har gitt mange gode inntekter. Under bygginga av condeep-plattformene i Gandsfjorden tente somme bønder skikkeleg godt. Dei hadde høve til å ta seg slikt "sesongarbeid".

Kva er det som lokkar?

Det er ikkje så vanskeleg å svara på kva det er som lokkar folk til sjøen når det er blikkstille.

Mange let seg også fascinera av havet i fullt opprør. Det er lett når ein står med føtene godt planta på landjorda. Ein skal vara seg for havet når det spelar opp på lag med kuling og storm.

Det merkar sjømannen meir enn landkrabben. Det kan vera spanande om bord i ein solid båt når sjøane kjem veltande som svære berg og båten stuper ned i dalen og kjører baugen ned i neste "dalside". Vatnet fløymer over dekk. Alt laust vert skylt unna, og nåde den som vasar på dekk ein slik gong. Det er som skipet stansar opp og hiv etter pusten før det reiser seg opp på neste bølgjetopp. Propellen som driv skipet framover, misser taket i sjøen og motstanden vert borte. Motoren gjer nokre ekstra tørningar før propellen vispar sjøen att. Båten ristar og skakar. Han heldt denne turen og.

Viktig ferdsleveg

Våre forfedrar slo seg ned i Svarthola på Viste. Dei åt sneglar og muslingar og fanga fisk som dei sette til livs, og kanskje meska dei seg med suppe av tang og tare, og for å setja spiss på måltidet vart det lagt nedi albogemuslingar.

Dette flate landet der det stikk opp litt grunnfjell lengst ute, er rikt velsigna med stein, sand, singel, småstein, morenejord, tung leirjord, og så dei turkesvake strandgardane. Det er dette landet fedrane rydda for stein med handmakt. Ryddingsrøysene deira finst framleis. Geilen ut frå den førhistoriske garden med nedgrodde steingjerde finst som lange "ormar" i utmarka. Det vart spadd rundt jordfaste steinar.

Med krutt kom minebor og feisel. Du såg karane når dei gjekk ut om morgonen med ein halmsekk under armen til å sitja på og ein "pitrasekk", som var ein sekk det hadde vore kalksalpeter i. Sekken var vasstett og fin til å ha over hovud og til vern for ryggen mot kalde byger. Det var eit tolmotsarbeid å mina. Mange sleit seg ut og vart helselause. Dynamitt sprengde steinane, steinbukk og steinslede kom fram for å kjøra steinen i enkle gjerde, og var det mykje stein, vart gjerda lagt doble. Dei vart til hus for røyskatt og rev før minken jaga dei på dør.

Det er dette landet me er glade i og vil at etterkomarane våre skal hegna om.